

## Svar på spørsmål frå Wenche Tislevoll

**Ynskjer ei kvalitetssikring i høve kostnader på fortsatt drift i Selevik. Viser til budsjettforslag frå H/AP.**

Svar:

Tekst	2019	2020	2021	2022
Fortsatt skule i Selevik		-1.294.720	-3.114.723	-3.114.723
Flytte 7. trinn h.2019 (skyss 3 elev)	-9.100	-12.700 (vår 20)		
Flytte 5. og 6. klasse haust 2020		285.000	685.000	685.000
Skysskostnadar flytting av 5., 6. og 7. trinn haust		-39.200	-106.000	-116.800
Felles leing frå Rimbareid frå 2020 – 0,5st		159.000	382.600	382.600

**Kva finanskostnader har ein i LTP ved ei investering på kr. 11,5 mill. (full strukturendring) ved bygging av klasserom på Rimbareid ?**

Finanskostnadane står i budsjettdokumentet s 38:

	2019	2020	2021	2022
Inntekt frå investering	-271 428	-285 714		
Låneavdrag		142 500	435 000	585 000
Rente		115 553	282 413	314 101
<b>Sum</b>	<b>-271 428</b>	<b>-27 661</b>	<b>717 413</b>	<b>899 101</b>

**Kva finanskostnader har ein i høve naudsynte investering på Øvrebygda skule ved fortsatt skuledrift?**

I skulebruksplanen s.33 står det at investeringsbehovet ved Øvrebygda skule er 5,5 mill. Dette gjeld 1,5 mill. til ventilasjon og oppdaterte lærararbeidsplassar. 4 mill. til oppdatering av 39 bygget. Brann og driftssjef har på nytt hatt ein dialog med rektor ved Øvrebygda skule i høve investeringar. 1,5 millionar til ventilasjon og oppdaterte lærararbeidsplassar er heilt naudsynt. Ei slik investering på 1,5 mill. i 2019 vil gje desse utgiftene.

	2019	2020	2021	2022
Inntekt investering	-75 000			
Låneavdrag		37 500	75 000	75 000
Rente		30 218	35 016	38 873
<b>Sum</b>	<b>-75 000</b>	<b>67 718</b>	<b>110 016</b>	<b>113 873</b>

Når det gjeld investeringa på 39 bygget så kan ein leva med ei minimumsløysing i planperioden der det er behov for 0,5 mill til utskifting av øydelagte ytterdørar, skifting av

vindu med råteskadar og noko innvendig maling. Desse tiltaka for 39- bygget vil måtta gjerast som vedlikehald og dermed bli eingongs driftsutgift når det vert gjort.

**Det har vore stilt spørsmål til utearealet ved Rimbareid skule ved flytting av krinsskule-elevane til skulen – kva er kravet ? Og kor stort uteareal har ein ved Rimbareid i dag ? Korleis har ein tenkt å løyse dette - viss utfordringar ?**

Svar:

Viser her til saksutgreiinga i sak 44/18 til utval for oppvekst og omsorg 02.10.18

### **Uteområdet Rimbareid skule**

*Fleire av innspela til høyringsutkastet peikar på at uteområdet til elevane vil bli mindre grunna utbygging ved Rimbareid skule. I tillegg vil også skulen ta imot om lag 85 fleire elevar.*

Opplæringslova § 9A-2 og 9A-7 legg føringar for elevane sitt skulemiljø.

Uteområdet ved Rimbareid skule vart oppgradert i samband med utbygginga ved skulen i 2014.

Det samla uteområdet ved skulen er no på om lag 18.500 m<sup>2</sup>. Dette vil bli redusert til om lag 18.300 m<sup>2</sup> ved ei utbygging av skulen

I ein rapport frå Sosial og helsedirektoratet frå 2003 ligg føringar for krav til minsteareal.

- Minimumsareal på små skoler (færre enn 100 elevar): ca. 5000 m<sup>2</sup>
- Minimumsareal på middels store skoler (mellom 100 og 300 elevar): ca. 10 000 m<sup>2</sup>
- Minimumsareal på store skoler (fleire enn 300 elevar): ca. 15 000 m<sup>2</sup>. For hver elev over 300 kommer det et tillegg på 25 m<sup>2</sup>.

Dersom ein legg til grunn at det vil bli om lag 450 elevar ved Rimbareid skule, vil arealbehovet vera om lag 18.750 m<sup>2</sup>. Dette viser at ein ligg litt i underkant av minstearealet. Etter administrasjonen sitt syn vert dette kompensert med at ein i tillegg nyttar store uteareal i nærmiljøet til elevaktivitetar når det er tenleg.

Det har kome ynskje det siste året om meir lyssetjing på leikeområdet og behov for meir overbygde uteområde. Dette må sjåast inn i ein samanheng saman med resten av utbygginga ved skulen.

### **Oppdrag frå Formannskapet 5. desember 2018**

Ber om at skulesjefen gjer: «Ei nøyare vurdering på investeringa ved Rimbareid skule fram til kommunestyret etter ny skulestruktur».

### **Sitat frå Skulebruksplanen:**

«4 klasserom a 75 m<sup>2</sup> + 4 nye grupperom a 12 m<sup>2</sup>, 1 nytt møterom a 18 m<sup>2</sup> + gangareal 60 m<sup>2</sup>. Samla arealbehov 426 m<sup>2</sup>.

I høve framtidig rombehov viser ein til arealoversynet for Rimbareid skule at det vil vera behov for omtrent fire klasserom. Då har ein også teke høgde for ein eventuell tredje parallell på eit av trinna.»

Sum investering er estimert til 11,5 mill kr.

Skulesjefen har saman med brann og driftssjef og rektor hatt ein ny gjennomgang av arealbehovet ved Rimbareid skule. Følgjande kriterier har vore lagt til grunn for vurderinga:

- Oppdraget frå Formannskapet.
- Rigga eit optimalt fysisk og pedagogisk miljø for elevane.
- Innvendig areal må samsvara med dei aktivitetane som vert omtala i den nye læreplanen.
- Arealet må gje rom for samarbeid, forskning, problemløysing og andre skapande aktivitetar.
- Ha 3 likeverdige opplæringsbasar. Barnetrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn.

### **Barnetrinnet**

Det er behov for 2 nye klasserom på barnetrinnet. Det eine må liggja der 1. trinn har hovudbasen. Dette skuldast ei lita tenleg samlokalisering med SFO avdelinga. Det er grunn til å tru at talet på barn ved SFO avdelinga vil bli høgare grunna nedlegging av grendaskulane. Det andre rommet treng ein på grunn av mangel på eit rom (ein klasse mindre i dag)

### **Mellomtrinnet**

Det er behov for 2 nye klasserom i vestfløyen der 5. – 7. trinn er lokalisert. Dette gjeld dei to klasseromma med «skyvevegg». Her er det i dag 4 klassar men det går ikkje med auka elevtal. Delar av dette arealet kan nyttast til grupperom / møterom

### **Ungdomstrinnet**

Blir verande slik som i dag.

Med ei slik løysing vil Rimbareid skule vera rigga til å ta imot elevane frå grendaskulane.

Me ser at størrelsen på romma kan reduserast med 5 m<sup>2</sup> til om lag 70 m<sup>2</sup>. Dette ut frå ein max. gruppestørrelse på 28 elevar. Grupperom og møterom vil ein kunna lokalisera i frigjort areal der klasseromma med «skyvevegg» er lokalisert..

Samla justert arealbehov vert då 340 m<sup>2</sup>. Dette gir ein arealreduksjon på 86 m<sup>2</sup>

### **Arealbehovet vert då slik:**

4 klasserom a 70 m<sup>2</sup> + 60 m<sup>2</sup> med gangareal. Samla 340 m<sup>2</sup>.

Investeringskostnad med ein m<sup>2</sup> pris på kr 27.000,- kr 9.180.000,-

### **Vurdering av investeringa ved Rimbareid skule**

Det er fleire usikre moment i den kalkyla som ligg føre – både kva gjeld kvadratmeterprisen og naudsynt areal.

Vidare er det vrient å få noko betre tal enn det me har. Me vil ikkje få sikre tal før oppdraget vert sendt ut på anbod/eit forprosjekt. Her vil også kvalitetskrav og marknadssituasjonen for tilbydarane spela ei stor rolle.

Me trur kostnadsoverslaget på 9,1 mill. er for optimistisk slik det står i dag. Då er det tryggare å stå på den forrige kalkylen på (11,5 mill) – då har me til ein viss grad teke høgde for både areal- og prisavvik.

### **Kvadratmeterpris**

Kvadratmeterprisen på kr 27 000,- byggjer på fylgjande forutsetningar:

- Berre ein byggeplass
- Eksisterande VVS-anlegg kan nyttast
- Eksisterande elektrokapasitet er tilstrekkeleg
- Kvm-pris er for brutto-areal
- Enkelt grunnarbeid
- Arbeidet vert utført av lokal entreprenør (lågare rigg-kostnader)
- Det er ikkje lagt inn noko særleg margin

Me har ikkje sikker kjennskap til at vvs-anlegg og elektro har tilstrekkeleg kapasitet.

Ny sjekk av estimatet viser at kr 27 000,- ligg i nedre sjikt av forventad kostnad, om ein ser på snittprisar/statistikk. Tala varierer frå 27-30 000 pr. kvm, noko som fort utgjer 1 million kroner.

Det er sjølvsagt mogleg å gjere val som gjer det heile billigare enn «snittet» - enkle løysingar kostar mindre innleiingsvis, men kan gje ei dårlegare løysing på sikt med tanke på slitasje og vedlikehaldsbehov.

### **Ei anna potensiell feilkjelde er brutto-netto-areal.**

Normalt sett reknar ein ut kva netto-areal ein treng, og gangar dette med ein faktor som varierar frå 1,2 til 1,45 for å få bruttoareal. Bruttoarealet inkluderer gangareal, tekniske rom, tavlerom, ytterveggar mv. I vårt tilfelle har me teke med gangareal, men ikkje ytterveggar mv. Kva som vert rett areal er då vanskeleg å seie – men det er mogleg at anslaget på 340 kvm er for lite.

Ein faktor på 1,2 gjer eit areal på 408 m<sup>2</sup>. Det utgjer ein forskjell på om lag 1,8 millionar (med ein m<sup>2</sup> pris på 27 000,-).

**Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort ovanfor er administrasjonen sitt råd å halda på den investeringskostnaden på 11.5 mill. som ligg i budsjettframlegget trass i redusert areal.**

**Uansett er det berre eit anbod/forprosjekt som kan gje oss sikrare tal.**

### **- Selevik skule som oppvekstsenter 1. – 4. klasse –**

I budsjettframlegget som no ligg føre har det kome eit framlegg om å oppretthalda Selevik skule som eit oppvekstsenter for 1.- 4. klasse. Administrasjonen ser for seg 3 moglege alternativ for eit slikt oppvekstsenter.

1. 1.- 4. klasse blir verande ved Selevik skule.

2. 1.- 4. klasse og ein privat driven barnehage vert samlokalisert ved Selevik skule.
3. 1.- 4. klasse og ein kommunalt driven barnehage vert samlokalisert ved Selevik skule.

Med utgangspunkt i desse moglege alternativa er det viktig å greia ut ein del spørsmål/problemstillingar som ein del av arbeidet for å tilretteleggja for gjennomføringa av vedtaket:

- Det vil bli to elevgrupper og talet på elevar vil liggja mellom 15 – 17 elevar jf. dagens elevprognose. Det vil bli om lag 2 lærarstillingar ved skulen. Det blir eit «magert pedagogisk fagmiljø» og sårbart sosialt for elevane.
- Dersom det blir ein kommunal driven barnehage må ein simulera kostnadane for drifta.
- Vil to kommunale barnehagar endra tilskotssatsane til dei private barnehagane?
- Vil ein kunna ha ein felles styrar/rektor/einingsleiar for oppvekstsenteret?
- Ved ei samlokalisering vil det vera behov for bygningsmessige endringar og oppdatering av uteområde. Løysingar og kostnadar må utgreiast.

17.12.2018

John Karsten Raunholm

Skule- og oppvekstsjef